SAKSFRAMLEGG

Til:	Møtedato:	Sak:
Ph.d.-utvalget ved HSL-fakultetet	01.06.2021	

Evaluering av emnet GEN-8001 Take control of your PhD journey

Innstilling til vedtak:

Ph.d utvalet tek evalueringane frå faglærar og studentane til etterretning og ber om at dei blir tatt med i vurderinga ved vidare utvikling og revisjon av emnet.

Bakgrunn:

GEN-8001 er eit tverrfagleg studieemne retta mot studentar som er inne i sitt første år som ph.d studentar. Studentane skal auke sin kompetanse i ærlegdom, kjeldebruk, publisering og handtering av forskingsdata. Emnet inneheld viktige reiskapar som alle ph.d studentar kan få nytte av. Emnet gjev studentane kjennskap til akademsiske normer, korleis ein hentar, evaluerer og handsamar kjelder og også kjennskap til «open access» publisering og kunnskap om korleis ein handsamar forskingsdata på ein best muleg måte.

HSL-fakultetet administrerer emnet på vegner av UB i samarbeid med High North Academy.

Emnet har normalt plass til 30 studentar, men dei siste to semestera har alle som har søkt, og som har vore kvalifisert til emnet, fått plass. Grunnen til dette har vore at nettbasert undervisning har gjort dette muleg.

Faglærarevaluering:

Evalueringa frå emneansvarleg, Helene N. Andreassener, er den første som har blitt skreve av emneansvarleg på emne. Dette er ein grundig gjennomgang av kva som har vore situasjonen på emnet, og kva for utfordringar som har vore, samt kva for endringar som ein eventuelt kan gjere for dei framtidige kursa. Vi har difor ikkje valt å gå inn på alle aspekta når det gjeld dette kurset i dette saksframlegget sidan dette er grundig handsama i notatet frå emneansvarleg.
Studentevaluering har blitt gjennomført av faglærar kvart semester slik at det er muleg å få eit betre bilete av korleis studentane har opplevd kurset over tid.

I sitt notat (rapport) har faglærar analysert og lagt ved studentevalueringane frå haust 2019 til og med vår 2021, dvs. 4 semester.

Studentevaluering H19, V-20, H20 og V-21
Evalueringsrapporten for dei 4 siste semestera er lagt ved dette saksframlegget. Det er ingen store forskjellar når det gjeld fordeling av svar over tid. Godt over halvparten er svært nøgd med emnet når ein ser på emnet under eitt, og dei vil anbefale andre ph.d studentar å delta.

Sluttkommentar
Hausten 2021 vil det bli ein gjennomgang og revidering av utgreiinga til emnet og pensumlista. Det vil her bli tatt utgangspunkt i tilbakemeldingane frå ph.d-utvalet, studentevalueringane og tankar og erfaringar dei som er ansvarleg for kurset.

Faglærar vil gå attende til fysisk undervisning når dette er muleg og vil vurdere å tilby undervisning på digital plattform til dømes ein gong pr. år.

Det er ingen ting som tyder på at nettbasert undervisning fungerer dårlegare enn fysisk undervsining, men ein miss det sosiale som også kan ha noko å seie i denne samanheng (jf. notat faglærar).

Emneansvarleg får tilbakemelding frå ein del studentar om at det er få studiepoeng i emnet i forhold til det arbeidet som må leggjast ned. Emneansvarleg ser det ikkje som aktuelt å redusere mengda på undervisning eller pensum, men stiller spørsmål om talet på studiepoeng bør aukast.

Det har kome signal frå rektoratet til UB om at dei ønskjer at flest mulege ph.d studentar skal ta GEN-8001. Spørsmålet er korleis ein kan opplyse om kurset slik at alle kjenner til dette tilbodet.

Synnøve Thomassen Andersen prodekan forsking	Olav Skare seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krever ikke signatur

Sakshandsamar: Martin-Arne Andersen, rådgjevar

Vedlegg:
1) Evalueringsrapport, GEN-8001 v/fagansvarleg Helene N. Andreassen
2) V-21_Evaluering_Deltakarar

3) V-21 _Evaluering_eksamen_Deltakarar
4) H-20_Evaluering_Deltakarar
5) V-20_Evaluering_Deltakarar
6) H-20_Evaluering-eksamen_Deltakarar
7) H-19_Evaluering_Deltakarar